

Hordaland Fylkeskommune
Fylkesrådmannen
Postboks 7900
5020 Bergen

Vår ref.: MJ

Deres ref.:2014/1442-6

25. september 2014

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 – høyring

Norges Husflidslag har med stor interesse lese framlegg til regional kulturplan for Hordaland for perioden 2015-2025. Fylket har mange ambisjonar på kulturområdet og er ein viktig samarbeidspartnar og premissleggar, ikkje minst med omsyn til rammetilhøva for dei mange organisasjonane som har si verksemd i fylket. Vi har stor sans for at de meiner det er viktig at alle generasjonar deltek, at de ser nytte av ein solid kulturell grunnmur og ynskjer å ta vare på dei særtrekka som finst i Hordaland. Kulturplanen er særns omfattande, men vi ynskjer likevel å foreslå nokre tillegg.

Norges Husflidslag er ein kultur- og interesseorganisasjon som er ein leiande aktør innan kulturvern, handlingsboren kunnskap og næringshusflid. Vi har 60.000 studietimar i husflid kvart år og er medlem av Studieforbundet kultur og tradisjon. Vi har ei eiga satsing på barn og unge kalla *Ung Husflid*. Norges Husflidslag har nærare 24.000 einskildmedlemmer i 377 lokallag, 35 husflidsbutikkar og 130 handverkarar som medlemmer. 18 av våre tilsette fagkonsulentar har arbeidsplassen sin ute i fylka. I Hordaland har vi ein fagkonsulent som har stillingstittel kultur- og næringskonsulent. Dei frivillige laga er samla under Hordaland Husflidslag, og det er eit særns tett samarbeid mellom den tilsette konsulenten og fylkeslag, både fagleg og organisatorisk. Norges Husflidslag er ein av tre organisasjonar i Norge som er akkreditert som NGO (ikkje-statleg organisasjon) i UNESCO innafor feltet immateriell kulturarv.

Verdiskaping og næring, bunad og tekstilarv

«Hordaland er rikt på tradisjonar knytt til folkekultur og handverk. Dette representerer store kulturelle verdiar og kunnskap, og i fleire tilfelle er desse på veg til å gå tapt. Det er viktig å sikre vidareføring av kompetansen i desse faga, både for å ivareta identitet og for å sikre kunnskap om kvalitet og prosess, som også kan være grunnlag for nyskaping. Dette feltet har eit næringsmessig potensial», heiter det i framlegg til ny regional kulturplan. Vi ynskjer å utdjupe kor dette potensialet ligg innanfor våre fag, og særskilt husflidslagas rolle her. Det er ein nær samanheng mellom verdiskaping og kunnskap, kulturarv og fornying. Her legg husflidslaga ned eit stort arbeid, og saman med det profesjonelle fagapparatet til Norges Husflidslag har fylkeskommunen eit potensial som ikkje er godt nok utvikla.

Ull

Norges Husflidslag har ei satsing kalla raudlista, som involverer alle laga i fylket. Laga blir oppmoda til å finne ein teknikk som er i ferd med å forsvinne, og så sette i gang tiltak for at fleire skal lære denne og slik halde kunnskap i hevd over generasjonar. Dette er heilt i tråd med UNESCOs konvensjon om immateriell kulturarv, der det er dei lokale som skal ta initiativ til å halde kulturarv i hevd. Vi meiner Hordaland er i ei særstilling her, då ein framleis har eit levande og livskraftig kulturnæringsliv innan det tekstile feltet, t.d. innan ull og garn på Hillesvåg Ullvarefabrikk.

Garn produsert av norsk ull frå norske sauer er også eit sentralt kultur- og næringsområde som Norges Husflidslag arbeider med, der konsulenten i Hordaland har hatt og har eit særleg

ansvar. For å belyse dette nemner vi prosjektet "Frå Ull til genser" som blei sendt på NRK over eit snautt døgn i november 2013. Programmet skapte ei formidabel interesse og om lag ein million sjåarar i Norge. I tillegg vekte det stor interesse i mange andre land. Det blei lagd reportasjar på fleire utanlandske mediekanalar, mellom anna BBC. Husflidskonsulenten var heilt sentral i prosjektet og nytta sine kontaktar og kunnskap innan sauenæringa, hos handverkarar innan saueklipping, spinning, strikking osv. Interessa for ull har utan tvil auka etter programmet. Behovet for meir kunnskap om ull og meir samordna innsats for å utvikle denne næringa også i Hordaland, som til dømes ved Hillesvåg Ullvarefabrikk, er stor. Norges Husflidslag har no vedteke å ha ull som satsingsområde for heile organisasjonen dei neste fire åra.

Bunad og mangfald

Bunad er òg ein viktig del av kulturarven og kulturnæringa i Hordaland. Husflidsbutikkane og systovene deira har saman med ei rekkje heimeproduserande handverksutøvarar ein stor omsetnad innan bunad og produkt som høyrer til desse. Alle desse aktørane er kulturnæringar som har utspring i ein lokal kulturarv. Samspelet mellom denne næringa og alle dei frivillige aktørane på feltet, dvs. dei lokale husflidslaga, er avgjerande for å ha det naudsynte kundegrunnlaget næringa treng for å halde fram med kvalitetsproduksjon.

Dette handlar både om å drive eit kontinuerleg arbeid med å vidareføre og utvikle handverkskompetanse, og å bevisstgjere det generelle publikum//kundane om produktet dei kjøper. Det er eit særst stort mangfald av bunader i fylket, og dette rike mangfaldet skaper stadig auka interesse for å kjøpe eigen bunad, ein bunad til, mannsbunad, bunad til barn, ulikt tilbehør, og så vidare. Marknaden er stor både blant innbyggjarar i fylket, men òg i resten av landet hos folk som har slekt i Hordaland.

Bunad produsert i Norge har fått stadig fleire konkurrentar frå aktørar som ikkje har som mål å ta vare på den rike immaterielle kulturarven som denne tradisjonen inneber. Norges Husflidslag arbeider difor no ekstra mykje med bevisstgjering av kundar og publikum. Samstundes er det eit problem å rekruttere dyktige handverkarar som kan levere høg kvalitet raskt i ein stadig meir krevjande marknad.

Nettopp mangfaldet er avgjerande for at folk flest vil halde fram med å investere i noko som er produsert av høgt kvalifiserte handverkarar. Utan dette vil det etter kvart bli så uinteressant å kjøpe bunad, at vern av tradisjonen blir vanskeleg.

Kulturminnervern og museum – handlingsboren kunnskap

Kulturminnervern handlar òg om å ta vare på den handlingsborne kunnskapen. Dei mange kurs- og formidlingstiltaka lokale lag gjennomfører kvart år er her heilt avgjerande. Også levande formidling på musea i fylket skaper interesse og forståing for historia og for samtida. Særleg formidling til barn på desse arenaene er vellykka når barna sjølv får prøve teknikkar under god rettleiing. Norges Husflidslag har lang erfaring med slikt arbeid og veit at vi når fram til dei unge på dette viset. Ikkje minst spelar dei lokale husflidslaga viktige roller her og har gjort det i mange år. Dette arbeidet må synast i fylket sine plandokument. Det gir anerkjenning og energi til dei mange frivillige og til dei faglege tilsette som brenn for faga sine. Her ser vi gjerne at fylket går inn i eit meir forpliktande samarbeid med Norges Husflidslag, for å sikra at slikt arbeid kan utviklast vidare.

Samhandling og samordning

Norges Husflidslag har i fleire år motteke tilskot til arbeidet til kultur- og næringskonsulenten i fylket via næringsavdelinga. Dette tilskotet fall bort for 2014. Skal ein drive eit fagleg godt arbeid er vi avhengig av stabilitet i tilskota og vi er difor positive til tildelingar med treårig perspektiv. Vi er positive til konkrete samarbeidsavtaler som definerer oppdag våre tilsette kan gjere for fylkeskommunen. Slike avtaler har vi med fleire fylke. Vi meiner det er eit godt grunnlag for næringsbasert husflid i Hordaland, ikkje minst knytt til bunad. Men dette gjer seg ikkje sjølv.

Kulturnæringsutvikling og kulturarvsforvaltning heng tett saman og treng ressursar i form av fagfolk, både tilsette og frivillige. Vi oppmodar difor fylkeskommunen til å legge inn strategiar for dette arbeidet der organisasjonar som mellom anna Norges Husflidslag bli tatt med.

Lokale til kulturverksemd

Til slutt ynskjer vi å nemne det store behovet for lokale til kulturverksemd, og da særleg verkesemd som krev verkstadfasilitetar. Særleg i pressområde i byane er det blitt eit problem. Når skular ikkje lengre har spesialrom for dette blir det stadig vanskelegare å finne plassar å utøve tradisjonshandverk.

Vi viser elles til høyringane frå Studieforbundet kultur og tradisjon og Hordaland Husflidslag, og ser fram til eit samarbeid med fylkeskommunen om utviklinga av kulturlivet i fylket!

Beste helsing
Norges Husflidslag

Marit Jacobsen
Adm.direktør
marit@husflid.no
tlf. 91580781